

Fjorden Nærbutikk AS
Framfjorden
6893 Vik

Til alle fastbuande, grunneigarar eller andre med tilknytning til Arnafjorden

Vik, 22.06.2010

Vidare drift og aksjeutviding

Fjorden Nærbutikk AS har bak seg to gode driftsår 2008 og 2009, men er likevel framleis i ein vanskeleg økonomisk situasjon pga. at meir enn halvparten av aksjekapitalen er tapt.

Dei siste to år blei butikken ført under visse oppsette tiltak som hadde som mål å effektivisere drifta og betre tilhøva på butikken. Resultata frå rekneskapen i 2008 og 2009 viser at dette var vellukka.

Generalforsamlinga til Fjorden Nærbutikk AS vedtok den 27.05.2010 å utvide aksjekapitalen med minst 150 000 kr for å rette opp den økonomiske situasjonen.

Styret har fått fullmakt til å selje inntil 490 nye aksjar á 500 kr kvar. Aksjane skal seljast i pakkar á 4 aksjar. Kvar pakke har då ein verdi av 2000 kr.

Aksjesalet startar no og må vere avslutta 1. august 2010.

Om det ikkje er seld 300 aksjar (75 pakkar) per 1. august, har styret fått oppdrag til å avvikle Fjorden Nærbutikk AS innan 30. september 2010.

Vi håpar at du som er fastbuande, grunneigarar i Arnafjord eller har anna tilknytning til bygda vår, vil vurdere å kjøpe aksjar i Fjorden Nærbutikk AS.

Om dette er aktuelt, vil vi be deg fylle ut vedlagt skjema for aksjesal og returnere det til butikken.

Om det er noko du lurar på, ta gjerne kontakt med økonomiansvarleg Svanhild Fretheim (tlf. 952 03 868).

Med helsing

Styret for Fjorden Nærbutikk AS
v/ Karen Weichert - leiar

Fjorden Nærbutikk AS
Framfjorden
6893 Vik

Org.nr. 981 607 937



Kjøp av aksjar i Fjorden Nærbutikk AS

Eg ynskjer å kjøpe **aksjepakke / aksjepakkar** i Fjorden Nærbutikk AS til ein verdi av **kr 2000**.

Kvar pakke inneheld **4 aksjar á kr 500**. Kvar aksje har ei stemme.

Denne aksjetinginga er bindande.

Kjøpesummen totalt: kr

Fornamn /Etternamn:

Personnummer (11 sifra):

Adresse:

Telefon:

E-post (om du har):

Dato og stad

underskrift